



Notat

Dato: 19.12.2014
Arkivsak: 2014/21388-4
Saksbehandlar: monsera

Til: Tale Halsør

Frå: Monika Cecylia Serafinska

Kulturminnefagleg innspel - Eksportløsning for olje og gass fra Johan Sverdrup feltet - Høring av konsekvensutredning

Vi viser til dykkar brev av 22.09.2014 om ovanfor nemnde sak med Ecofact rapport 364 «Konsekvenser for kulturminner og kulturmiljø ved etablering av rørledninger fra Johan Sverdrup-feltet».

Konsekvensutgreiinga er tydeleg og gjør godt greie for kulturminne og kulturmiljø. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Det er også kjent nokre automatisk freda kulturminne i tiltaksområde 2a (Askeladden id. 90846) og aust for tiltaksområde 2c (Askeladden id. 90856, 90858 og 90859). I haust gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologiske registreringar i ein 40 meter brei korridor langs oljerørledning rute A og rute B, samt fem ulike tiltaksområde: 1, 2b, 2c, 3 og 4. Det blei gjort funn av eitt nytt automatisk freda kulturminne i tiltaksområde 2c, ein steinalderbuplass (Askeladden id. 178933), jf. vår fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram av 14.11.2014. I fråsegna ba vi også om at tiltakshavar tek kontakt med Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga angående drøfting av løysingar for automatisk freda kulturminne i den vidare planprosessen.